


RAMBOLL

PlanIDnr
1259 2012.0801

HELLESØY ØYGARDEN KOMMUNE

DESIGNHANDBOK



INNHOLD:

- | | |
|---------|-------------------------------------|
| Side 1 | 01. Målsetting og planprosess |
| Side 2 | 02. Hellesøy sine kvalitetar |
| Side 06 | 03. Tilrettelagd tilgjengje til sjø |
| Side 07 | 04. Planens hovedstruktur |
| Side 09 | 05. Retningslinjer |

Forord

Øygarden kommune har engasjert Rambøll Norge AS til å utarbeide ei designhandbok for Hellesøy Hamn. Designhandboka skal nyttast som retningslinjer / supplement til reguleringsplanen Hellesøy Hamn, og skal fungera som eit verkty for ei opprusting av uteområda på og rundt hamna.

Arbeidsprosessen har vore styrt av kommunen, medan innspel har vore mottekne frå turistar, fritidsfolk og lokale grunneigarar/ næringsdrivande.

Designhandboka er laga av landskapsarkitekt Tonje Nordås og arkitekt Karin van Wijngaarden. Kommunalsjef Johnny Danielsen og tidlegare kommunalsjef Tor O.Kleppestø har delatt som representantar frå kommunen.

Desember 2010, Rambøll Norge AS

PLANPROSESS

I 2006 vart sentrale delar av Hellesøy regulert. Områdeplanen sin prosess vart starta av kommunen i 2009. Ein hadde fokus på auka



01.

MÅLSETTING OG PLANPROSESS

MÅLSETTING

Designhandboka skal vere eit verkty både for utbyggjarar og for kommunale etatar. Boka skal sikra heilskap i materialbruk og design for tettstaden Hellesøy. Boka skal gje føringar for identitet og kvalitet, slik at ulike aktørar kan sjå kva estetiske kvalitetar ein skal ha, samt korleis ein byggjar med universell utforming.

Lengst nord i Øygarden ligg Hellesøy. Hellesøy er namnet på både øya og tettstaden. Helle sundet delar tettstaden i to, der ei eldre steinbru er bindende. Her har fiske stått sentralt frå gamle tider. Kulturminnet Nøthengjø gjer Hellesøy sin historie synleg. Under nøthengjo vert mellom anna fiskeutstyr torka. Eit sentralt identitetsskapende element er havet, salt i lufta og fisk. Så kjem dei menneskeskapte kvalitetane fiskeværet har. Plassen der fabrikken stod er tatt i bruk til rorbuar. Dei skapar liv om sumaren. I tillegg til at Hellesøyvegen er egna til sykling, er Nordsjøløypa ei populær turløype. Det opphavlege fiskesamfunnet er difor prega av rekreasjon, og båtruta til bl. anna øya Hemnar.

Designhandboka for Hellesøy er behandla av Komité Teknikk og planutvalet, og retningslinjene vart politisk vedteke den.....



Designhandboka for Hellesøy er behandla av Komité Teknikk og planutvalet, og retningslinjene vart politisk vedteke den.....

Designhandboka for Hellesøy er behandla av Komité Teknikk og planutvalet, og retningslinjene vart politisk vedteke den.....

02.

HELLESØY SINE KVALITETAR

NATUREN

Havet har alltid vore eit hovudelement for etableringar på Hellesøy. Det å ha kontakt med sjø er framleis viktig for opplevinga av staden. Det er viktig å etablere tilgjenge til sjø langs sundet, og til fiske-/badeplassar.

Hellesøy er ein stad med stor slått natur. Det er ein stad der turistar finn roen, og folk kjem frå alle stadar dit ut for å fiske. Frisk luft og rent vatn er difor viktig med tanke på vidare vekst og utvikling. I tida framover må ein prioritera dei viktigaste samfunnselementa og vere tro mot dei føringane som leggjast for ei vidare utvikling. ■

IDENTITET

Hellesundet har lenge vore prega av fiskeindustri. Hellesøydagen er ein ny tradisjon, som folk har tatt vel imot. På denne dagen står særigne båtar sentralt, og langs sundet vert markert organisert, med fiskeprodukt og havets delikatesser med meir.

Nothengjo er eit blikkfang, og bør kunne nyttast som besøksstad i mykle større grad. Men like viktig, i høve til historie, er alle nausta langs sundet. Nausta ligg tett, slik at vinden haldast vekke. Der nausta ligg inn mot gangveg, fungerar dei og som orienteringsobjekt. Identitetsskapande element bør reindyrkast, slik at staden framstår med ein klar identitet som fortel historia om Hellesøy.

UTBYGGING, VATN OG AVLAUP

Hellesøy har eit utbyggingspress. Det er viktig å sette av plass til ny utvikling, samt sei noko om kor nye bygg skal lokaliseras og korleis dette kan gjeraast. Like viktig på ein stad som Hellesøy, er det at alle nye og eksisterande bygg får gode vatn og avlaupsanlegg. Dette vil igjen sikra at ulike havnæringer gjev positiv synergieffekt. Det er også viktig med lokalisering av næringsfunksjonane. All forsking synar at det å styrke eit sentrum i eit lite område er positivt for alle. Då kan og dei sosiale aktivitetane som til dømes lodd- og vaffelsalg og småprat skje i det same området. ■

HISTORISKE PERLAR


Nothengjo utgjer idag ein sterk kvalitet for området. Ho er ei 'perle'. Gjennom ein plan for vedlikehald og betre tilgjenge kan ein her utnytta eit besøkspotensial. Tilgjenge med stiar, informasjonsskilt og aktivitetar vil på sikt gje synergieffekt med fleire besøkande og meir turisme. Stien ut til Nothengjo kan og først lenger ut på svaberga med ei gangbru.

HELLESUNDET

Opplevinga å ferdast i båt eller ferdast langs kanten av Hellesundet må oppretthaldas som ein kvalitet. I tillegg bør ein leggja til rette for opphold for dei båtfarande. Dei må kunne komme på land, handle eller spise, og dei må kunne fylle vatn og straum.

RAMBOELL





03.

TILRETTELAGD TILGJENGE TIL SJØEN



SIDE 4



NØKKELORD

- BEREKRAFTIG UTVIKLING
- ØYHOPPING / TURISME
- BARN SINE INTERESSER
- HISTORIE, FISKE & FRILUFTSLIV

PLANENS HOVUDSTRUKTUR

04

HALDEPLASSEN




Hellesøy utgjer sistre haldeplass på fastlandet før ei reise ut til ei av øyene i nord eller vest. Avstanden tvers over sjølve Hellesøy er kun 350 meter. Landskapslementa består av små koller, små vatn, svaberg og flate fjellformasjonar. Generelt har Hellesøy og Seløy hatt lite skog og låg vegetasjon med mykje lyng, men skogen veks no til på lunare stadar.

HAVET


Havet har alltid vore eit hovudelement for etableringar på Hellesøy. Det å ha kontakt med sjø er framleis viktig for opplevinga av staden. Det er viktig å etablere tilgjenge til sjø langs sundet, og til fiske-/badeplassar. Utsikta til horisonten skal vere vid. Gangstiar med gløtt til vatn mellom bygga langs Hellesundet, og ut til Nothernøya, bør haldast ope og markerast med lys. For å halde ei låg profil der ein legg stiar i terrenget, kan lypunkt langs bakkenivået anbefa last.

KVALITET

Bygningane på Hellesøy ligg på lunere stader. Seinare års spreidd bustadbygging har ikkje ført til at dei sentrale områda har vorte oppgradert. Ein må tenkje nytt for få kvalitet på uteområda. Rasteplassen, butikken og kafeen er mykje brukt både av lokale og av turistar. Reguleringsplanen opnar no for ny bruk av herberget. Det kan gjera at fleire får oppleve Hellesøy og den storståtte naturen.




LYSSETJING



For armaturar sjå s. 12.

- Energieffektive armaturar
- Lys frå bakkenvå der ein vil skape variasjon for barna og samstundes ha ledelinje for dei eldre
- Lyse opp, og framheva vegen til, historiske stader, fiske- plassar og attraktive stader for fri-luftsliv
- Gjere vegngett tryggare for besøkande
- Fokus på heilskap og eit attraktivt utemiljø



05.

RETNINGSLINJER

FORMINGSPRINSIPP


Ein skal for dei ulike byggjetiltaka leggja desse retningslinjene til grunn:

UNIVERSELL UTFORMING

Tilgjenge for alle handlar i stor grad om detaljar. Erfaringer fra andre prosjekt syner at universelt utforma løsningar nesten alltid gjer områda betre for alle. Framkommeleghet for syklistar, barnevogner og andre nyt godt av at ein tilrettelegg for rullestolbrukarar. Lettattelag informasjon i uteareala er viktig for personar med redusert syn eller høyrsel, samstundes som dette og er nyttig for dei som berre har det travelt.

- Gangarealar utan frittståande element
- Eigne soner langs gangareala om mogeleg, for plassering av skilt, benkar, sykkelstativ, buss spann, m.m.
- Gangfelt med nedsenka kantstein
- Få kryssingspunkt mellom køyreveg og fotgiengarlinjer
- Plantar som kan leve i salt miljø, og som ikkje er allergifremkallande
- Lydforhold; skjerming mot støy
- 5% parkeringsplassar merka og tilretta lagt for forflytningshemma.
- Godt vedlikehald
- Kassestein i Kantar der bussar skal stoppe
- Trygge og logiske ledelinjer
- Stigningstilhøve som ikkje er brattare enn 1:20
- Slette og stødige dekker/ golv som skal vere lett å røra seg på
- Terrenget med lite fall, både lengde- og tverrfall
- God og jevn lyssetjing som ikkje blendar





Fiskeplassar
Hellesøy har ei fiskerik strandline. Mange kjem ut for å fiske med stang, båt eller teiner. Ein bør tenke på etablering av alternative aktivitetar for dei minste barna, og så litt gras mellom svaberga nokon stader, særleg der ein og vil ha sitteplassar for eldre; dei små samlingspunktene.

Moloen med flytebryggje fungerer bra til krabbefangst for ungar i ulik alder.

utan trinn og max 1:20 stigning skal etablerast til alle leikeområda. I tillegg til dette skal det etablerast mindre samlingspunkt langs vatnet tilknytta dei offentlege areaala.

Murer
Nye murar skal vere i naturstein. Dei skal byggjast med same uttrykk som natursteinsmurene langs Hellesundet.

Kunst
Det er eit ynskje å etablera kunst på sentrale område. Ein kan til dømes brukha fargerike utsmykningar, og element tilhøyrande vatn eller vind vil vere med på å skapa karakter i området. Hellesøy si historie og nærliek til havet, med ein tøff versituasjon, kan vere tema for ei kunstnerisk utsmyking.

Produkter
Produktene i denne boka har ei retningsgjevande funksjon med tanke på form og kvalitet.

Bryggar
Hellesundet er ein attraktiv stad for opphold når veret er tøft. Då kan ein ikkje nytt moloen. Difor skal tilgjenge til sundet etablerast på avmerka plassar (jf. pkt 03, s.4). Brygger skal utførast i overdimensjonert treverk som skjerast til, inn mot fjell, berg og betonggolv.

Leik og opphald
Leikeplassar må tilpassast ulik alder og aktivitetsnivå. Største leikeområde avsett i planen er ballbaneområdet. Gode tilkomstvegar




Utegolv

Med utegolv meines alle flater på bakken. Utgangspunktet for materialvalet har vore at utegolvet skal vere lett å gå på for alle, og ha ei jvn overflate. Utegolv skal tilpassast funksjon og vedlikehald.

Materialar i de ulike områda:

- Svart asfalt på køyrearealet og gang- og sykkelvegar der ein treng snøbroytning.
- Skiferhellegolv på samlingspunkt langs sundet, og på gangvegar i det fri
- Granithellegolv eller støyt betong på øya ved busshaldeplassen
(NB: Mørke søyler i venteskureti i kontrast til lys farge på golv).
- Plassøpt gummidekke eller sand under leikeapparater
- Grasdekke mellom svaberg på leke-/oppholdssoner ved fiske- og badeplassar, samt bak steingarden
- Smågatestein i granitt, prikkhogd, som ledestone der det ikkje er kantstein
- Kantstein i Kasselstein lys betong/stein, men ikkje prikkhogd.
- Nedsenka kantstein ved fotgjengarovergangar
- Tilpasning til fjell skal gjerdast presist og utan kantstein
- Lysstripar/ ledelinje langs bakken skal liggja i overflata og markera høgre side av gangstien.



UTSTYR



På rasteplassen i vest skal ein mur dele av oppholdsarealet framføre parkeringa. Utstyr skal plasserast inn mot veggjen på nordsida. Andre plassar må plasseringa vere slik at ein ikkje hindrar personar i å passera. Alt utstyr som benkar, lysstolpar, skilt, boss-spann, automatar og sykkelstativ, skal få ei samstendt utforming.

Det skal brukas materialar av god kvalitet som sikrar ein effektiv resursbruk i høve til produksjon, vedlikehald, levetid og avhending. Løysingane skal fungera godt til alle årstider. Hovedmateriala skal vere hardføre, som til dømes drivved, overdimensjonert tre og stål. Av omsyn til vedlikehald er det tilleit å ta i bruk grå, resirkulerbar plast i dei offentlege areaala.

Alt utstyr av stål i lakerast i ei lys grå farge, RAL kode 7016/ RAL 7035. Utstyr kan unntakvis lakerast i andre farger, men då må ein begrunne valet, og fargen må godkjennast av Øygarden

komune. Alle fundamentar skal vere skjult under bakkenvå.

Benkar

På rasteplassen, hamna sitt venteareal og buss haldeplassen skal ein bruke benkar av type Ja-Benken frå Norfax el. tilsv., med ryggstøtte.

For å ha universell utforming skal benkene og ha ei sittehøgde på 45 cm, og ha armlener. Benkar i det fri kan vere type 'Tre i En' frå Norfax eller tilsvarende.

Sykkelstativ

Sykkelstativ av type Benkert Bänke City 300 el. tilsv. plasseres i dei områda det er behov for strukturtett plassering av syklar. Plasseringa av stativa må gjeras slik at dei ikkje er til hinder for ferdsel. Alle sykkelstativ skal vere i farge tilsv. RAL 7016.

Informasjonssøyle

Dersom det er aktuelt å setje opp ein informasjonssøyle, bør plasseringa vere på sentrale samlingspunkt, slik som rasteplassen. Infotavlar skal også ha godlesbartekst/informasjon for alle brukarar.




Depot for avfall
Depot for avfall av type "Urban" fra Vestre, (evt. frå Scheie) eller tilsvarende, plasserast i møbleringssonar der folk ferda, men ikkje attmed kantstein/ledelinjer.

Tekniske anlegg

Tekniske anlegg bør plasseras i kummer under bakkenivå. Rektangulære kummer plasseras parallelt med retninga på belegg/belegningsstripa. Runde kummer plasseras i asfaltareal. Alle kummer i asfaltareal plasseras minst 20 cm frå overgang mellom asfalt og annæra dekke eller kant.

Oppslag

Dersom det er aktuelt å setje opp ein oppslag, bør oppslagga vere på sentrale samlingspunkt, slik som rasteplassen. Infotavlar skal også ha godlesbartekst/informasjon for alle brukarar.



Lyssetting


Alle utbyggingsområde skal nytte same type armaturar for å skapa identitet på Helleøy. Eigen belysningsplan skal utarbeidast for uteområda.

Det er viktig at armaturar ikkje blendar. Alle vegglysmaturar, lysstolpar og pullertar bør vere lys grå, og ha eit enkelt formspråk. Type gatelys langs gang- og sykkelveg og gatemiljø er armatur av type Parklys frå Siteco med LED lys som har lang levetid, el. tilsv. Pullertar og veggarmaturar skal vere av typen RAY frå Riegens (LED), el. tilsv.
I det fri skal stiar i terrenget ha integrerte spottar i golvflata, og desse skal og ha LED lyskjelde. Her skal spottane tene som ledeline i skumringa.

Skilt

Heiskap i formuttrykk for skilting er og viktig. Ein skal unngå visuelt kaos. Ein har 4 skiltkategorier:

1. **Offentlege trafikkskilt.** Utforming, oppsett og bruk av offentlege trafikkskilt er regulert i Statens vegesens Vegnormal, Håndbok 050 med heimel i skiftforskriften og Vegtrafikkloven § 5.
2. **Informasjons- og merkingsskilt.** Skilt som skal formidle budskap av ikke kommersiell art. Ein bør utarbeide ein skiltplan der ein konkret vurderar kva ein ynskjer å belyse og merke. Dette gjeld spesielt for staden sin kultur- og naturattraksjonar.
3. **Reklame og informasjonsskilt** skal vere identitetsskapande, til dømes lagd av drived med målte bokstavar i sterkt blå farge. Skilta må vere universelt utforma og plassert. Fargebruk på skiltstolpar og -bakside skal være i RAL kode 7016/ 7035 dersom dei nyttast.
4. **Reklame og kommersielle skilt.** Bruk av denne typen skilt er i dag uvanleg, og difor ikkje eit problem. Ein må ha ei bevisst haldning til utforming av slike skilt. Dette for at dei ikkje skal bli for mange, og dominera i landskapsbilete.





Torgny Segerstedts vei 27, 5143 FYLLINGSDALEN Tlf 55 17 58 00

Kjelder:

- Øygarden Kommune, Kommuneplanen 2006-2014
- Lokale grunneigarar
- Butikken på Hellesøy - narbutikken.hellesoy@nghbutikk.net
- Miljødepartementet - Barn og unge sine interesser
- Reiselivsstrategi for Hordaland 2009-2015
- Tilgjengelige Bygg og Uteområder, Norges Handicapforbund
- Norsk Standard 3041 - Skilt og Reklame
- Den Norske Turistforening
- Gode Sirklar